

Olav og Jannicke Baug
Kyrhovden 26
5936 Manger

ALVER
Kommune

25 OKT. 2021

Alver Kommune

Plan v/ arealforvaltning
Postboks 4
5906 Frekhaug

Manger, 20. Oktober 2021

Merknad til planforslag – offentleg ettersyn & høyring – Detaljreguleringsplan for Manger barneskule. Plan ID 12602019000300

Viser til mottatt planforslag for Manger skule.

Vi er eigar av Kyrhovden 8B som er næreste eigedom mot skulen sin paviljong i nord.

Planforslaget viser bl.a. ein planlagt ballbinge som næreste nabo til boligene i Kyrhovden nord.

Vår erfaring med paviljongene er auka trafikk av unger gjennom denne delen av feltet. Det er også henting og bringing av elevar i området, samt lærarar som kjører til heilt inn til paviljongene. Dette er ikkje trafikksikkert.

I tillegg er støynivå vesentleg forværra i området. Ein ballbinge vil tiltrekke seg ungdomsansamlingar på kveld og i helg, slik vi allerede ser tendenser til i dag. Ein ballbinge vil gjere at støynivå vil auke ytterligere.

I tillegg vil vi nevne at stien som blei brukt i området ikkje er lagt tilbake, men fungerer no som bilveg inn til skulen. I tillegg har dei store kranbilane som blei brukt til montering av paviljonger kjøyrt sund all drenering på parkeringa vår, slik at det flyt over av vatn.

Vi ser også at verdien av eigedommen vil verte forringa ved ein utviding av skulen. Som konsekvens av dette vil vi kunne få eit framtidig tap i verdi av eigedommen. Er clette noko Alver kommune bryr seg om i vurderinga av ny skule ?

(Dette vil gjelde dei fleste eigedommar i Kyrhovden)

Gjennom dei siste åra har skulen v/ kommunen gradvis «ete seg» inn på områda til Kyrhovden bustadfelt. Kor er det blitt av Alver kommune sin visjon om innbyggjarane sin medverknad ? Er det tomme ord ?

I møtet på Rådhuset på Manger, 15.08.2019 fekk vi tydelige signal frå representanter frå daværende Radøy Kommune og konsulentar frå Norconsult om at løysinga var **NY SKULE** ein annan stad og på egna tomt i Manger. Med begrunning i at det er for liten plass til utviding av skulen, samt at trafikksikringa aldri vil verte godt nok ivaretatt. Dette har også Statens Vegvesen kommentert tidligare i sine merknader.

I tillegg må det nevnast at skulen er over 60 år gammal. Det er ikkje god bærekraft og miljømessig fornuftig å bruka store ressurser på å flikka på ein så gammal skule. Bygg ny skule for framtida – det er bærekraftig !

Til slutt; Det var har vore mange nesten ulykker i området. Alle er knytt til enten skulestart eller skuleslutt. Er det ei ulykke med barn som må til for at administrasjonen skal vakne ?

Kom ikke og sei i ettertid at de ikkje har blitt åtvara !!!! Vi som bur her, vi veit !!!!

Vi ynskjer at både administrasjon og politikarer gjer ei god vurdering av saka. Slik saka er foreslått i detaljreguleringa, vil dette gå utover borna og foreldra deira, samt alle beboarane som grenser til.

Manger, 20. Oktober 2021

Olav Baug & Jannicke W. Baug